



Kålås Bygg AS
Torvhusmyrane 2
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/1077 - 19/28180

Saksbehandlar:
Irene Wilhelmsen
Irene.Wilhelmsen@lindas.kommune.no

Dato:
20.09.2019

Tillatelse til avkjørsel fra kommunal veg - gbnr 188/48 Gjervik ytre

Tiltak: Avkjørsle
Byggjestad: Gbnr: 188/48 Kvassnesvegen 83
Tiltakshavar: Stein Raunehaug
Ansvarleg søker: Kålås Bygg AS

Delegasjonssak nr.: 523/19

Saka gjeldt søknad om ny avkjørsel til kommunal veg for søknad sendt inn via byggesaksavdelinga, sak 19/1718, datert 06.06.2019.

Saksutgreiing:

Informasjon om saka:

Det vart i vår gitt positiv uttale i denne saka, datert 25.04.2019.

Uttalen har referanse 19/1077 – 19/13061.

Vurdering/drøfting:

Situasjonsplan som ligg ved ny søknad, syner at avkjørsla som er teikna inn er i samsvar med det som gav underlag for uttalen som er gitt. Det er ingen nye moment i saka som gir anna utfall.

Det er lagt inn ei siktlinje på 4x30m, svingradius på 4m og høye til å snu på eiga tomt i samsvar med krava.

I vurderinga som tidlegare er gitt i denne saka står følgjande:

I spørsmålet om kor gangvegen startar, er dette dårlig dokumentert. Planen er ikkje i målestokk og den er ikkje digitalisert. Konklusjonen til vegavdelinga vert difor at gangvegen startar der skiltet om gangveg er plassert. Vedlegg 1 syner kor skiltet er plassert.

Avkjørsla vert difor liggjande akkurat i grensa for kor gangvegen startar.

I spørsmålet kring svingradius mot gangveg, kan denne tilpassast terrenget så lenge det ikkje fører til at sikta vert hindra. Om radiusen i retning gangvegen er 3,5 eller 4 m spelar liten rolle så lenge det er fri sikt mot gangveg.



Samandrag/konklusjon:

Det gis tillatelse til avkjøring til kommunal veg på vilkår og i samsvar med situasjonsplan som er lagt ved søknaden.

Vedtak:

Lindås kommune gjev løyve til/avslag på søknad om <utvida bruk av/opprettning av> (eksisterande) avkjørsel til kommunal veg med heimel i veglova §§ 40 til 43.

Løyvet er gjeve på følgjande vilkår:

- Avkjørsle skal være opparbeida slik at den tilfredsstiller tekniske krav til avkjørsle som er fastsett av vegdirektoratet i forskrift av 1964 om «salminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsle fra offentlig veg», Veglova §§ 40-43, samt vegnormal N100. Det vert blant anna sett krav til geometrisk utforming av avkjørsle, sikt, svingradius, drenering under avkjørsle og at ein skal kunne snu på eigen grunn.
- Siksone kan ikkje nyttast til parkering eller hensetting av sikthindringar som er høgare enn 0,5m over kommunalt vegenivå. Siktsona skal til ein kvar tid haldast vedlike av eigar/brukarane av avkjørsla.
I denne saka er sikt mot gangveg svært viktig! Det skal til ei kva tid vere fri sikt mot gangvegen. Det må ikkje plasserast hindringar i siktsona. Det vil sei at all naturleg vegetasjon og evt. berg/fjell må fjernast og stein, gjerde, murar eller liknande skal ikkje setjast opp innanfor siktsona til avkjørsla.
- Dagens etablerte avkjørsle må stengast fysisk når ny avkjørsle er etablert. Stenginga skal dokumenterast ved å sende inn biletet og den skal godkjennast av Lindås kommune, vegavdelinga.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) jf. veglova § 11. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjenvæst. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement

Bortfall av løyve

Er arbeidet med avkjørsla ikkje sett i gang innan 3 år etter at løyvet er gitt, fell løyvet bort, jf. veglova § 40 4. ledd.

Med helsing

Rune Kilen
avdelingsleiar

Irene Wilhelmsen
ingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Kålås Bygg AS
Stein Raunehaug

Torvhusmyrane 2 5913
Kvassnesvegen 83 5914

EIKANGERVÅG
ISDALSTØ